



Johannes Hauge på Skorpo er godt i gang med slåtten.

**Halvparten av slåttearealet er lagt til press i silo,
resten skal turkast på bakken.**

Johannes slår graset med tohjuls traktor, breier det på bakken til graset er turt nok til å ta inn i løa.

Dersom det er fare for regn, set han det opp i såter på kvelden og kastar det utover bakken dagen etter. Rett nok har han høyvendar på traktoren, men dersom det er ikkje er for stort areale, gjer han det på gamlemåten med rive og høygaffel.

Formengda er ikkje den største. Hjorten har teke sitt. Med 2 - 3 dagar fint verer graset klart for innkøyring i den gamle løa utan oppbygd låve. Her er alt i plan og graset vert lagt opp i eit høystål

Tekst og foto: Kristian Olav Bringedal